

Jostein og Solfrid Hansen
Mongstadvegen 248
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7950 - 15/7704

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
31.03.2015

Stadfester motteke klage- tilbygg til driftsbygning - gbnr 117/3

STADFESTAR MOTTEKEN KLAGE PÅ VEDTAK

Kommunen stadfester med dette å ha motteke klage den 26.03.15 frå Jostein og Solfrid Hansen. Det er klaga på løyve, datert 13.03.15, til oppføring av tilbygg til driftsbygning. Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker, jf. byggesakforskrifta (SAK) § 7-1 1.ledd bokstav d.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar. Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen, jf. forvaltningslova § 33. Dersom administrasjonen opprettheld vedtaket, vert klagen handsama av Plan- og miljøutval i møte den 10.06.15. Møta vert halde på rådhuset og er opne for publikum. Meir informasjon om politiske møte ligg på Lindås kommune si heimeside (<http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>) Handsaminga i Plan- og miljøutval kan føre til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthalde av Plan- og miljøutval, vert klagen sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Oppstart av byggearbeid før klagesaka er endeleg avgjort, skjer på tiltakshavar (Harry Mikal Rosnes) sin eigen rekning og risiko.

Med helsing

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Harry Mikal Rosnes	Mongstadveien 250	5955	LINDÅS
--------------------	-------------------	------	--------

Mottakarar:

Jostein og Solfrid Hansen	Mongstadvegen 248	5955	LINDÅS
---------------------------	-------------------	------	--------

